



Medlemer og varamedlemer i FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1958 - 14/25118

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

29.10.2014

Referat frå møte i FAU 28.10.14

Desse møtte: Malin (8A), Hege, Erik, Inger Hilde, Heidi, Ruth - Inger

Desse møtte ikkje: Malin (8B)

Sak 16 / 14-15: Foreldrekonferansen

Inger Hilde gjorde kort greie for foreldrekonferansen på Gardemoen som ho deltok på tidleg i månaden. Når materiellet frå den kjem, vil det verte spreidd til skulane i krinsen. Inger Hilde sender ut.

Konferansen som var innretta mot foreldre, la vekt på mange forhold som har med elevane sin oppvekst og skulegang å gjere: § 9A (elevane sitt krav på fysisk, psykisk og sosialt gode forhold), lese og skriveferdigheiter samt betydninga av tidleg innsats, klasseleiing og at skulen samlar seg om å gjere meir av det som verkar. Målet for strevet for alle som omgir eleven er jo at denne skal lære mest mogleg og såleis stå best mogleg rusta til å klare VGO og styre sitt eige liv.

Det vart og understreka at foreldreundersøkinga er viktig fordi å få tilbakemelding frå brukarane for å kunne justere kursen, er viktig for skulen. Ost U må ta den til våren.

Korleis skulen vert omtalt er også viktig og det same gjeld kva tema tek vi opp ved middagsbordet. Det gjeld i det heile å framsnakke kvarandre. Baksnakk kan ramme elevane sin motivasjon og øydelegge for dei.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Verdifulle nettstader:

www.udir.no om alt som har med skulen å gjere
www.skoleporten.no om elevresultat
Kjersti-botnan.larsen@kd.dep.no om tiltak mot mobbing
post@fug.no www.fug.no ressursar for foreldre

Det var i det heile ein god konferanse og Inger Hilde vil og etterlyse KFU.

Vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning.

Sak: 17 / 2014 - 15: Jubileumsmarkeringa

Klassekontaktane får klasselistene som kan brukast med dei atterhald som gjeld for mogleg sensitiv informasjon.

FAU gjekk så gjennom sine gjeremål til jubileumsmarkeringa. **Gåver til lotteri:** sjå scanna vedlegg. Kaker etter lister. 3 frå kvar klasse etter fritt val. Hugs glutenfritt.

Kaker: Inger Hilde, Kjersti F Soltveit, Kristina Askeland, Hege T, Heidi, Rikke, Malin, Mona,

Skulen skaffar: Kaffi og gjer klar loddbøker.

Loddbøker: Bokhandelen/ nille / prixen - Ruth skaffar. 5 kr. loddet.

Papptallerk og plastskei - Heidi

Sak: 18 / 2014 - 15: Temakvelden.

Inger Hilde har undersøkt om Marco El - Safadi kan ta jobben på temakvelden, men han skal ha 35000,- for jobben. FAU tenkjer seg om og kjem med innspel til Inger Hilde innan 15. november 2014.

Vedtak: FAU sjekkar og melder til Inger Hilde. Prisramme: 15000.- eller så rimeleg som mogleg anten med dobbelt eller enkel foredrag med gruppearbeid innan tema. Lat det verte oppbyggjeleg.

Sak 19/ 2014 - 15

Klassekontaktane er ikkje kalt inn til møte med kontaktlærer.

Vedtak: Skulen tek opp saka med kontaktlærarane etter forekldresamtalane.

Neste møte: Når det ligg føre høyringar som bør svarast på.

Ostereidet, 29.10.14

Malin Møvik(s)

Arne Riisnes, ref.

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer i FAU